

Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - Arbeidsdokument 3/20

I det tredje arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2020 har fylkesrådmannen fokus på følgende moment:

Innleiing

- Kommuneproposisjonen 2021
- Korona-pandemien - konsekvensar og statleg kompensasjon
- Tilskot til null- og lågutsleppsferjer 2020
- Saldering driftsbudsjettet - tiltak og utgreiingsområde
- Nye opplysningar etter siste møte- pensjonspremie og kollektivkostnadar
- Prosessen vidare og hovudutvala sine innspel

1 Investeringsbudsjett

- Oppdatert status
- Vurderingar rundt vedteken gjeldsgrad
- Gjeldsgrad og investeringsprosjekt med særskilt finansiering
- Investeringar nullutsleppsteknologi
- Salsinntekter og salsmoglegheiter

2 Moment driftsbudsjett

- Kapitalutgifter
- Eigedomsskatt
- Klimabudsjett
- Kopling mellom utviklingsplan og økonomiplan

3 Driftsbudsjett

- Konkretisering salderingstiltak
- Utgreiingsområde
- Administrativt effektiviseringsprogram
- Oppdaterte tal for sektorane
- Oversyn rammer budsjett 2021

Innleiing

Kommuneproposisjonen 2021

Regjeringa sitt forslag til kommuneproposisjon 2021 vart lagt fram 12. mai 2020. Fylkesrådmannen omtala verknadene for fylkeskommunen i tilleggssnotat til arbeidsdokument 2/20 til finansutvalet sitt møte 28. mai 2020. Hovudpunktet i forslaget frå regjeringa er at det frå 2020 til 2021 er lagt opp til vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane på 400 mill. kr. Vestland fylkeskommune sin del av veksten utgjer om lag 50 mill. kr.

Regjeringa ser i kommuneproposisjonen bort frå at koronapandemien vil ha verknader utover 2020. Det er såleis ikkje lagt opp til tiltak om det viser seg at fylkeskommunane også i 2021 vil ha negative utslag, til dømes innan kollektivtrafikkinntektene, samanlikna med ein normalsituasjon.

Kommuneproposisjonen er no til handsaming i Stortinget. Fylkesordførar og fylkesrådmann har delteke i Kommunal- og forvaltingskomiteen si høyring om proposisjonen.

Komiteen har frist til 11. juni med å gje innstilling og Stortinget gjer vedtak 17. juni.

Korona-pandemien - konsekvensar og statleg kompensasjon

Rapporten pr 1. tertial som fylkestinget handsama på møtet 9. - 10. juni, har prognose om meirforbruk samanlikna med budsjett på heile 767 mill. kr. Det er i stor grad svikt i kollektivtrafikkinntektene og ekstra skuleskysskostnadar som er årsaka. I prognosen er det lagt til grunn statleg kompensasjon på 275 mill. kr.

Det har ikkje kome klare forsikringar frå sentralt hald om at kompensasjonen vil halde fram også i 2. halvår. Regjeringa foreslår rett nok i Prop. 127 S - den såkalla tiltakspakke 3 - å løyva nye 600 mill. kr som kompensasjon for fylkeskommunane sitt inntektsbortfall. Summen er ikkje fordelt på fylkeskommunane, men ut frå tidlegare fordeling vert Vestland fylkeskommune sin del 66 mill. kr. Om dette vert gjeldande etter Stortinget sitt vedtak, betrar det prognosen for det negative budsjettavviket tilsvarende.

Som nemnt ovanfor, er det ikkje lagt opp til tiltak utover 2020. Lengda på pandemien og kva smitteverntiltak som krevst vil vere avgjerande, og regjeringa har varsla gjennomgang av dette i statsbudsjettet til hausten.

Finanskomiteen har frist til 12. juni med å gje innstilling om den nemnde proposisjonen. Same dato er også frist for å gje innstilling om revidert nasjonalbudsjett. Begge desse sakene vert handsama i Stortinget 19. juni.

Tilskot til null- og lågutsleppsferjer 2020

I revidert nasjonalbudsjett for 2020 foreslår regjeringa å setje av 150 mill. kr til fylkeskommunane for meirkostnader ved kjøp av batteridrivne ferjer samanlikna med konvensjonelle ferjer. Dette er eit eingongstiltak, og summen er sett av som auka rammetilskot til fylkeskommunane

Den totale summen skal ha særskilt fordeling, og fylkesrådmannen har fram til no lagt til grunn at Vestland fylkeskommune sin del av denne summen er om lag 30 mill. kr. Dette i samsvar med Vestland sin del av ferjenøkkelen i inntektssystemet.

I samband med Stortinget sitt arbeid med revidert nasjonalbudsjett kjem det signal om at Vestland fylkeskommune kan få 110 mill. kr av summen på 150 mill. kr. Stortinget gjer vedtak om revidert nasjonalbudsjett 19. juni. Fylkesrådmannen kjem attende til korleis denne summen kan arbeidast inn i budsjett for 2020.

Saldering driftsbudsjettet - tiltak og utgreiingsområde

Salderingstiltak 2021

Eit hovudmoment i arbeidsdokumentet er eit fyrste framlegg til saldering av budsjett for 2021. Dei ulike sektorane har konkretisert sine tiltak med utgangspunkt i respektive budsjettnedtrekk. I finansutvalet i mai-møtet vart det gjort prosessvedtak på korleis det samla nedtrekket på 100 mill. kr skulle fordelast på dei ulike sektorane. I tillegg har nokre sektorar eit meirbehov for 2021. Dette meirbehovet må sektoren finne inndekking for gjennom reduserande tiltak innan eigen sektor. Dei

ulike tiltaka kan redusere kostnader eller auke inntekter. For kvart tiltak er det sett opp ei kort skildring og overordna konsekvensvurdering. Kva løyingsnivå tiltaket høyrer inn under kjem også fram.

Finansutvalet vert i arbeidsdokumentet presentert for tiltaka som dei ulike sektorane arbeider med på noverande tidspunkt. I perioden fram til neste møte i finansutvalet i september vil sektorane utarbeide eit fullstendig og detaljert budsjettframlegg der salderingstiltaka er innarbeidde. Dette framlegget vil inkludera ei grundigare konsekvensvurdering av tiltaka.

Finansutvalet vert bedt om å kome med styringssignal i høve til dei tiltaka som dei ulike sektorane arbeider med, og som vert presentert i del 3 av dokumentet.

Utgreiingsområde

I arbeidsdokument 1/20 som finansutvalet handsama i mars, var det ført opp ein del utgreiingsområde som sektorane skulle arbeide vidare med. Finansutvalet peika ikkje på særskilte område, med unnatak av at det ikkje skulle setjast i gang arbeid med ny skulebruksplan.

Fylkesrådmannen har lagt til grunn at ein i første omgang greier ut dei områda der ein vurderer at innsparingspotensialet er størst og/eller raskast å realisere. Fylkesrådmannen har bedt sektorane om å utarbeide oversyn over resultat av utgreiingsarbeid som er gjort, og å setje opp ein framdriftsplan for vidare arbeid. Dette skal gjerast med frist før sommaren, og presenterast i arbeidsdokument 4/20 som skal opp til handsaming i finansutvalet i september.

Nye opplysningar etter siste finansutvalsmøte

Redusert premiesats i Statens pensjonskasse

I brev av 29.05.2020 har SPK gjeve ein prognose for pensjonspremien i 2021. Prognosen er 12,13 % (inklusive 2 % medlemsdel). For 2020 var tilsvarende prognose 15,15 %. Det vil seie ein reduksjon på over 3 prosentpoeng. Det pedagogiske personalet er medlemmer i Statens pensjonskasse og reduksjonen vil på denne måten få utslag innanfor Opplæring og kompetanse. Innsparinga utgjer om lag 54 mill. kr for sektoren.

Fylkesrådmannen har så langt ikkje forslag om å trekkje desse midlane ut frå budsjettamma til Opplæring og kompetanse, eller å disponere midlane til spesifikt formål. Ein vil koma nærare attende til dette når sektorane presenterer eit fullstendig og saldert driftsbudsjett i møte i finansutvalet i september. Fylkesrådmannen vil understreke at sjølv om reduksjonen i pensjonspremien på denne måten ligg udisponert innanfor ramma til Opplæring og kompetanse, vil det framleis vere behov for salderingstiltak også innanfor denne sektoren.

Vurdering av kontraktskostnader innan kollektiv

Kontraktane som Skyss/Kringom har med ruteoperatørane er samansett av indeksar som vert justert gjennom året. Nokre kontraktar har justering for indeksutviklinga kvartalsvis, nokre vert justert årleg. Ei endring på 1 % i positiv eller negativ retning endring utgjer over 30 mill. kr. Svingingane kjem som følgje av at kostnadane er knytt til mange indeksar som er usikre og som endrar seg; av dei viktigaste er oljepris, lønsvekst og økonomisk aktivitet. Dei ulike operatørkontraktane vert justert for desse indeksane gjennom året.

Fylkesrådmannen vil gjennomgå utslaga av indeksjusteringane og verknadene dette kan ha på budsjettamma for 2021 og kome attende til dette på neste møte i finansutvalet.

Proessen vidare og hovudutvala sine innspel

Neste steg i budsjettprosessen er spesifikasjon av sektorbudsjetta 2021 innanfor driftsrammene som fylkestinget vedtok 9. juni - sak 40/2020. Forslaga til spesifisering av sektorbudsjetta skal handsamast av hovudutvala i møte 16. september før finansutvalet får det til vidare handsaming.

Fylkesrådmannen vil til møta i hovudutvala i 16. september leggje fram sakene med ein fellesdel med oversyn over samla inntektsrammer og sentrale føringar. I tillegg vil det føreliggja ein spesifikk sektordel med spesifikasjon av budsjett 2021 innanfor den vedtekne budsjettamma.

Finansutvalet skal ha møte den påfølgjande dagen 17. september. Arbeidsdokument nr. 4 har som mål å leggje på plass mest mogleg av dei økonomiske føresetnadane for budsjett 2021, og gjere greie for den samla salderingssituasjonen før statsbudsjett 2021 vert lagt fram 7. oktober

Vedtaka frå hovudutvala vil liggje som vedlegg til arbeidsdokument nr. 4 til møte i finansutvalet 17. september. Arbeidsdokumentet skal i tillegg innehalda spesifisering av budsjett 2021 for kontrollutvalet, organisasjon og økonomi, strategi og digitalisering samt tannhelse - sektorar utan hovudutval.

Andre aktuelle saker til møtet 17. september, i tillegg til innspel budsjett 2021 frå sektorane, er:

- Driftsbudsjettet - evt. justering av rammene
- Investeringsplan 2021 - 2024
- Andre budsjett- og økonomirelaterte saker
- Salderingssituasjonen før framlegging av statsbudsjett
- Vidare arbeid

Tilråding til prosessvedtak:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- kommuneproposisjonen
- effektar av pandemien
- tilskot til null- og lågutsleppsferjer
- budsjettsaldering
- nye moment - lågare pensjonspremie og kollektivkostnadar
- prosessen vidare og hovudutvala sine innspel

Finansutvalet viser til reduserte kostnadar som følgje av lågare pensjonspremie innanfor Opplæring og kompetanse, og vil vurdere disponering av dette i budsjettprosessen.

1 Investeringsbudsjett

Oppdatert status

I møtet i finansutvalet i mai vart det lagt til grunn kva investeringsrammer ein skulle arbeide vidare med for komande økonomiplanperiode.

Rammene er sett opp under, men finansutvalet vil koma attende til kva prosjekt som skal prioriterast innanfor rammene.

Investeringsrammer i 1000 kr	2021	2022	2023	2024
SUM	5 700 204	5 343 438	4 031 028	3 391 229

Desse rammene er sette opp ut frå målet om å halde gjeldsgraden under 115 %. Når det gjeld utgangspunktet for investeringsbudsjett som vart presentert for finansutvalet i mai, så vart det gjort prosessvedtak som gjev følgjande endringar:

- Endringar
 - For Laksevåg og Bergen maritime vgs og Fagskolen i Hordaland vart det synt til tidlegare vedtak i fylkestinget i PS 28/2019. I det ligg det at ein har ein ambisjon om å realisera ny skule på Laksevåg som planlagt. Fylkesrådmannen vart også bedt om å vurdera tiltak som kan betra finansieringa av prosjektet. Kostnadsramma for dette prosjektet er 767 mill. kr.

Fylkesrådmannen arbeider også vidare for å oppdatere investeringsbudsjettet for følgjande prosessvedtak:

- Oppdateringar
 - Svelgen - Indrehus
Det skal arbeidast for å få ei raskare realisering av prosjektet. Kostnadsramma for dette prosjektet er ca 1,4 mrd. kr.
 - Atløysambandet

Det vert utarbeidd sak om korleis den statlege ordninga for ferjeavløysing kan utnyttast best mogeleg for Atløysambandet og evt. andre prosjekt som er i same finansieringssituasjon.

Kostnadsramma for dette prosjektet er ca 1,1 mrd. kr.

- **Opplæringsfartøy**

Det vert utarbeidd ei sak om kva løysing som kan vere aktuell for å stetta dei behova som er naudsynte.

Desse momenta vert det arbeidd med å få klargjort, og desse vil verte innarbeidd i investeringsbudsjettet som vert presentert for finansutvalet i september. Det er å poengtera at ei innarbeiding av desse prosjekta vil auke investeringsnivået i perioden. Dette igjen vil måtte krevja andre prioriteringar som reduserer samla investeringsnivå på ein slik måte at ein klarer å halde seg innanfor den vedtekne gjeldsgraden på 115 %.

Vurderingar rundt vedteken gjeldsgrad


I mai-møtet i finansutvalet kom det fleire spørsmål kring gjeldsgraden; mellom anna når det gjaldt berekraftig nivå, renter- og avdrag, rentenivå og inntektsvekst. Under er det peika på ulike faktorar og korleis desse heng saman med gjeldsgraden.

Vestland fylkeskommune starta 2020 med ein netto gjeldsgrad på 99,5 %. Det vil seie at gjeld og driftsinntekter er om lag like store. Det er tilrådd at gjeldsgraden ikkje bør overstige 75 %. Når fylkesrådmannen har foreslått 115 % som grense, er dette ut frå ei vurdering om at det ikkje er fornuftig å stoppe prosjekt som alt er starta opp. Med ei grense på 115 % har ein rimeleg tid til å gjere nødvendige justeringar i budsjett og økonomiplan. Ein har ikkje med dette sagt at 115 % er eit berekraftig nivå. Ideelt bør ein kome godt under 100 % på noko sikt.

Forventningar om framtidig inntektsvekst er svært avgjerande for kor høg gjeld ein kan handtere. Den andre viktige faktoren er utviklinga i rentenivå. Gjennom fleire år har det kome signal om at kommunesektoren ikkje kan rekne med like sterk inntektsvekst som ein har vore vane med. Eit par av dei siste åra har fylkeskommunane ikkje vorte tilgodesett med realvekst i det heile. Om denne tendensen held fram, bør ein vere varsam med å auke gjelda.

Dersom økonomien utviklar seg som normalt dei neste åra, er det rimeleg å vente ein viss løns- og prisvekst. Dette er gunstig når ein har høg gjeld, så fram inntektene aukar tilsvarande. Jamvel om fylkeskommunane ikkje skulle få realvekst i inntektene, vil det då vere rom for å auke gjelda i same takt som løns- og prisveksten.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til at gjelda vil gå opp frå 14,4 mrd. kr til 18,1 mrd. kr. I grafen nedanfor er det illustrert korleis dette kan slå ut i auka avdrag og renteutgifter, med alternative rentenivå.



Grafen illustrerer kva konsekvensar auka gjeld vil ha for driftsbudsjettet.

I grafen over har ein rekna med at nye lån vert nedbetalte over 30 år. Betaling av avdrag startar året etter at lånet er teke opp. Avdraga vil auke med 188 mill. kr frå 2020 til 2024.

Auken i renteutgifter er avhengig av rentenivået. Rentenivået på fylkeskommunen sine lån vil mest sannsynleg liggje ein stad mellom 1 % og 3 %. Ved 1 % rente vil renteutgiftene auke med 39 mill. kr. 3 % rente vil medføre ein auke på 117 mill. kr. Sum renter og avdrag vil med desse føresetnadene auke ein stad mellom 227 mill. kr og 304 mill. kr.

Utan vekst i inntektene vil ein måtte gjere tilsvarende kutt i driftsrammene til sektorane. For 2021 er det varsla ein realvekst til fylkeskommunane på 400 mill. kr. Vestland sin del er rekna å utgjere ca. 50 mill. kr. Dette året ser det ut til at ein vil kunne dekke auken i kapitalutgifter utan å kutte i driftsrammene.

Dei følgjande åra er det usikkert om ein kan vente nokon realvekst i inntektene, men om økonomien utviklar seg normalt, er det sannsynleg med ein viss løns- og prisvekst. Ein nominell vekst i inntektene på 3 %, vil gje ca. 25 mill. kr årleg som kan nyttast til renter og avdrag.

Med ein nominell inntektsvekst i storleiken 3 % kvart år, og i tillegg ein realvekst på 50 mill. kr i 2021, vil ein i 2024 ha ca. 150 mill. kr meir i inntekter som kan nyttast til renter og avdrag. Dette er ikkje nok til å dekke veksten i avdraga. Om rentenivået i 2024 er kome opp på 2 %, vil ein måtte kutte 116 mill. kr i drifta.

Får ein derimot realvekst i frie inntekter på 50 mill. kr kvart år, vil ein ha nok inntekter til å dekke veksten i renter og avdrag, men det meste av inntektsveksten vil gå med til dette.

Ein realvekst på 50 mill. kr vil seie ca. 0,5 %. I historisk perspektiv har ikkje dette vore uvanleg. Men ut frå signala som har kome dei siste åra, kan det synast optimistisk.

Tala som er viste i grafen framfor er ikkje identiske med tala som ein finn i økonomiplanen. I grafen har ein freista å isolere verknaden av nye lån. Tala som ligg inne i økonomiplanen inkluderer også renteendringar på eksisterande lån. Samanlikna med førre økonomiplan, reknar ein no med lågare rente. Innsparinga dette gjev er i stor grad nytta til auka avdragsbetaling. På denne måten har ein kunna dempe veksten i lånegjelda noko.

For budsjettering av renteutgifter har ein i siste økonomiplanen nytta marknaden si forventning til 3 mnd. Nibor (pr. april) med tillegg av ein margin på 0,5 %. Dette gjev følgjande rentesatsar på nye lån:

	2021	2022	2023	2024
Rentesats på nye lån	0,99 %	1,12 %	1,27 %	1,39 %

Ei samanlikning mellom renter og avdrag i økonomiplan 2020-2023 og økonomiplan 2021-2024 er vist nedanfor. Tala er i mill. kr.

		2021	2022	2023	2024
Økonomiplan 2020-23	Nto. renteutg.	246	292	324	
	Avdrag	668	739	832	
	Sum kapitalutg.	914	1 031	1 156	
Økonomiplan 2021-24	Nto. renteutg.	194	189	208	216
	Avdrag	700	800	930	1 060
	Sum kapitalutg.	894	989	1 138	1 276
Endring mellom økonomiplanane	Nto. renteutg.	-52	-103	-116	
	Avdrag	32	61	98	
	Sum kapitalutg.	-20	-42	-18	

Gjeldsgrad og investeringsprosjekt med særskilt finansiering

I møte i 28. mai gjorde finansutvalet slik innstilling til fylkestinget i punkt 1 i sak om Økonomiplan 2021-2024 - Investerings- og driftsrammer:

Fylkestinget meiner gjelda til fylkeskommunen i økonomiplanperioden ikkje bør overskrida 115% av driftsbudsjettet. Dette er å sjå som ei styringsramme for kva finanskostnader investeringsbudsjettet påfører driftsrammene.

Fylkestinget vil peike på at nokre prosjekt har ekstern finansiering, heilt eller delvis, og difor belastar driftsbudsjettet med finanskostnader ulikt sjølv om dei aukar gjeldsgraden. Desse bør få ein særskild vurdering i ein budsjettprosess med krevjande økonomiske rammer.

Den vedtekne gjeldsgraden til fylkeskommunen tek ikkje omsyn til at prosjekt kan ha ekstern finansiering som strekkjer seg over eit lengre tidsrom enn byggjetida for prosjektet. Finansutvalet peikar på at desse prosjekta bør få særskilt vurdering når gjeldsgraden på 115 % vert rekna ut.

Ordninga med gjeldsgrad er i første rekkje ein handlingsregel for å unngå at lånegjelda og med det kapitalutgiftene, ikkje tek for stor og aukande del av driftskostnadane. Med liten og ingen realvekst i totalinntektene må sektorane sine driftsrammer reduserast for å få rom for aukande kapitalkostnader. Investeringsbudsjettet det var lagt opp til ved oppstart av Vestland fylkeskommune, gjer at fylkesrådmannen meiner ein slik handlingsregel er nødvendig.

Finansutvalet ber om at det vert vurdert at prosjekt får ulik «vekt» ved utrekning av gjeldsgraden. Slik fylkesrådmannen vurderer det, gjeld dette særleg ferjeavløysingsprosjekt som kjem inn under den statlege ordninga, og fylkeskommunale bygg med utleigedel og dermed leigeinntekter som ei finansieringskjelde.

Prosjekt som kjem inn under den statlege ferjeavløysingsordninga, får finansiert byggekostnaden og inntil 50 % av fylkeskommunen sine rentekostnader over ein periode på maksimalt 45 år. Ordninga er finansiert innanfor inntektssystemet gjennom ei omfordeling frå fordeling over kostnadsnøkkelen for ferjer til den såkalla tabell C- saker med særskilt fordeling. Slik sett krev ordninga ikkje ekstramidlar frå staten, men finansieringa skjer innanfor den samla ramma for fylkeskommunane i inntektssystemet.

I arbeidsdokument 2/20 peika fylkesrådmannen på mogelege endringar i investeringsbudsjettet for å halde investeringsnivået innanfor 115% kvart år i økonomiplanperioden. Det var då ikkje teke omsyn til denne ordninga, men lagt til grunn låneopptak og byggetid som for prosjekt elles.

Tilsvarende har ein for bygg som har utleigedel av noko omfang. Heller ikkje her er det teke omsyn til at leigeinntekter over tid vil vere ei viktig finansieringskjelde for prosjekta.

Fylkesrådmannen vil understreke at det er viktig å halde på ordninga med ein handlingsregel for gjeldsnivået. Det kan likevel vere råd å gjere vurderingar for særskilde prosjekt, slik finansutvalet peikar på, så lenge omfanget ikkje vert for stort slik at det svekker intensjonen med handlingsregelen.

Fylkesrådmannen vil vurdere dette i det vidare arbeidet med investeringsbudsjettet.

Investeringar nullutsleppsteknologi

Fylkesutvalet gjorde i møte 3. desember 2019 slikt vedtak om anbudsprosessen for nye hurtigbåtkontraktar:

1. Fylkesutvalet ber om at dei nye miljøanboda vert gjennomført i tråd med stortingsvedtaka om krav til null- og lågutslepp for alle nye ferje- og hurtigbåtar. Fylkesutvalet ber om snarast mogleg innfasing av nullutsleppsteknologi frå 2022 og seinast 2024 i tråd med ambisjonane vedtekne av fylkestinget i Sogn og Fjordane.
2. Rutepakke 2 og 3 vert gjennomført med utlysing så raskt som mogleg slik dei var planlagt av administrasjonen i Sogn og Fjordane, men med moglegheit for justeringar i tråd med innspel som kom i høyringsprosessen (t.d. hybridiseringsgrad etc.)
3. For rutepakke 1 ønskjer ein å gjennomføre ein alternativ anskaffingsprosess, til dømes ein utviklingskontrakt, der målet er mogelegheit til nullutsleppsteknologi frå oppstart av ny kontrakt frå mai 2022, og krav til det seinast innan 2 år inn i ny kontraktperiode frå 1. mai 2024.
4. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å innrette anboda på ein slik måte at ein er i posisjon til å få støtte frå ordningane Klimasats, NOx-fondet og Enova, og evt. med ein opsjon i tråd med punkt 12 i Sogn og Fjordane sitt vedtak for å synleggjere skilnad i kostnad på nullutslepp og konvensjonell teknologi.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at meirkostnader som Vestland fylke vil få for å gå føre med gjennomføring av Stortingsvedtaka vil bli kompensert med auka midlar i inntektsramma til fylka.

Finansutvalet gjorde i møte 28. mai slikt prosessvedtak for det som gjeld nullutsleppsteknologi for hurtigbåtar:

Finansutvalet vil kome tilbake til finansiering av evt. auka kostnader knytt til omlegging til nullutslepp på hurtigbåtane når anbod og oversikt over kostnadane føreligg.

I referatsak 39/20 Båtanbod rutepakke 2 - status og vegen vidare til Hovudutval for samferdsel og mobilitet sitt møte 3. juni er det orientert om det pågåande arbeidet med nullutsleppsløysingar for denne rutepakken.

I og med at ein på noverande tidspunkt ikkje har avgjort kva teknologi som skal nyttast og dermed ikkje har fullt oversyn over meirkostnadane, må ein kome attende til dette i økonomiplanarbeidet. I referatsaka til hovudutvalet er det nemnt oppstart av denne rutepakken medio 2022, men det er teke høgde for at det kan verte naudsynt med ei overgangsordning ut 2022.

Fylkesrådmannen viser elles til at fylkesutvalet sitt vedtak føreset statleg kompensasjon for meirkostnadane med null- og lågutsleppsteknologi for dei nye hurtigbåtkontraktane.

Salsinntekter og salsmoglegheiter

Investeringsbudsjett 2021- 2024

I sist møte i finansutvalet vart det bede om klargjering av kva som ligg inne i budsjettet av salsinntekter som finansiering av investeringar. I budsjettet er det planlagt sal av bygg som det

ikkje lenger vil vere behov for med gjennomføring av investeringsprosjekta som ligg inne. Salsinntekter som var rekna med i investeringsbudsjettet som vart presentert på sist møte i finansutvalet var:

- Laksevåg vgs
- Sotra vgs
- Hafstad vgs.

Finansutvalet gjorde eit prosessvedtak som inneber ein ambisjon om å realisera skuleprosjektet på Laksevåg som planlagt. Sal av Laksevåg vgs vil då utgå, medan sal av skulebygget på Nedre Nygård (Bergen maritime vgs) vert aktualisert. Ut frå verdioverslag er det rekna med lik salssum - 150 mill.kr - for bygga i dei to prosjekta - Laksevåg og Bergen maritime.

Sal som er rekna med i økonomiplanen er sett opp i tabellen under:

Sal av bygg	/ 1000 kr	2021	2022	2023	2024
Sal Sotra vgs, avd Bildøy				40 000	
Sal Sotra vgs, avd Sund				20 000	
Sal BM vgs			150 000		
Sal Hafstad vgs					90 000

Andre moglege sal

Når det gjeld andre moglege salsobjekt enn dei som er teke høgde for i investeringsbudsjett så langt, så er desse lista opp under med tilhøyrande kommentarar.

- Eigedom på Hagavik, inkl. Hovland gard (Bjørnafjorden kommune)
Eigedomen på 174 mål var tidlegare ein del av Kysthospitalet i Hagavik, og fylkeskommunen fekk behalde den etter sjukehusreforma. Området er uregulert og bygningane er i dårleg stand. Anbefalinga frå meklar er at det økonomisk sett vil vere gunstig å vente med å selje, og at området eignar seg for sal til ein større utbyggjar. Årsaka til at det er gunstig å vente med å selje er at verdien på tomte vil auke når ny veg mot Bergen er ferdig utbygd.
- Tomteareal ved Vestlandsheimen (Bergen kommune)
Eigedomen er på 243,5 mål. Den framtidige utnyttinga og økonomisk verdi av denne tomte er usikker, og hovudgrunnen til dette er at tomte er regulert til landbruks-, natur- og friluftsførmål.
- Tidlegare Fana Gymnas (Bergen kommune)
Eigedomen er leigd ut til Bergen kommune i 10 år frå 15.05.2017, med opsjon på nye 5 år.
- Rekrutteringsleilegheiter
Desse leilegheitene ligg på Nordfjordeid (2 stk.), Førde (3 stk.) og Leikanger (6 stk.). Einingane er brukt for å rekruttere tilsette til fylkeskommunen, men vert leigd ut dersom det er rom for dette.

Utover dette har vi 4 einingar i Aurland og 6 einingar på Mo. Desse einingane er del av andre eigedommar, og dette påverkar salsmoglegheitene.

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med dei ulike objekta som kan seljast, og legge desse fram med mål om eit eventuelt sal dersom ei økonomisk vurdering tilseier det.

Tilråding til prosessvedtak:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- oppdatert status investeringsbudsjettet
- vurdering av gjeldsgrad
- gjeldsgrad og prosjekt med særskilt finansiering
- investeringar i nullutsleppsteknologi

- salsinntekter og salsmoglegheiter

2 Moment driftsbudsjett

Kapitalutgifter - verknad av renteauke

I førre møte i finansutvalet vart det etterspurt vurderingar i høve til om ein skulle få eit høgare rentenivå i åra framover. Frå sentralt hald reknar ein med at rentenivået vil ligge på eit svært lågt nivå i alle fall 2-3 år framover. Men på eit eller anna tidspunkt må ein vere budd på at rentenivået vil auke. Det første året vil renteoppgang ha liten verknad. Om lag halvparten av gjelda har fast rente. Vidare vert auka renteutgifter på den delen av låna som har flytande rente delvis motverka ved høgare rente på innskot og rentekompensasjonsordningar.

Relativt få lån har rente som er bunden i meir enn 5 år. Etter den tid vil dei fleste låna ha fått fastsett ny og høgare rente. I det førebelse utkastet til økonomiplan vil gjelda ha nådd ca. 18 mrd. kr i 2024. Fullt utslag av auka rentesats med 1 prosentpoeng på ei gjeld på 18 mrd. kr vil utgjere 180 mill. kr. I 2024 vil fylkeskommunen framleis ha nokre lån der renta er bunden på dagens låge nivå. Dette utgjør lån på knapt 2 mrd. Vidare kan ein leggje til grunn at ein har innskot på om lag 1,5 mrd. kr og får rentekompensasjon av 1,8 mrd. kr. Utslaget på netto renteutgifter, ved ein auke på 1 prosentpoeng, vil dermed bli i underkant av 130 mill. kr.

Eigedomsskatt

I møtet 28. mai ba finansutvalet om ei oversikt over kommunar der fylkeskommunen betalar eigedomsskatt. Tabellen under summerer opp denne problemstillinga. Ein tek sikte på å oppmode dei kommunane som krev inn eigedomsskatt frå fylkeskommunen om å endre denne praksisen.

Som tabellen syner er det ein kommune som enno ikkje har svart; noko som truleg skuldast kort svarfrist.

Alver	Ja; bussanlegg - organisert som aksjeselskap eigd av fylkeskommunen
Askvoll	Nei
Askøy	Nei
Aurland	Nei
Austevoll	Nei
Austrheim	Nei
Bergen	Ja; 3 objekt - 2 tomter og 1 eigedom
Bjørnafjorden	Nei
Bremanger	Nei
Bømlo	Ja; 3 bygg
Eidfjord	Nei
Etne	Nei
Fedje	Nei
Fitjar	Nei
Fjaler	Ja; 1 festetomt. Dette er påklaga
Gloppen	Ja; bygg - vgs
Gulen	Nei
Hyllestad	Ventar på svar
Høyanger	Ja; bygg - vgs
Kinn	Ja; bygg - vgs, idrettshall
Kvam	Nei
Kvinnherad	Nei
Luster	Ja; bygg
Lærdal	Nei

Masfjorden	Nei
Modalen	Nei
Osterøy	Ja; bygg, servicebygg
Samnanger	Nei
Sogndal	Ja; bygg - vgs, lager
Solund	Nei
Stad	Nei
Stord	Nei
Stryn	Ja; næringsbygg, fritidsbustad
Sunnfjord	Ja; bygg - vgs, museum, næring/sagbruk, tomter
Sveio	Nei
Tysnes	Nei
Ullensvang	Nei
Ulvik	Nei
Vaksdal	Nei
Vik	Nei
Voss	Nei
Øygarden	Nei
Årdal	Ja; bygg - vgs., brøytetasjon,

Klimabudsjett Vestland fylkeskommune

Finansutvalet tok i møte 26.03.20 statusmeldinga om klimabudsjett til orientering.

Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere utslepp fram mot 2030.

Særleg innanfor områda bygg- og anlegg, fossile køyretøy og innkjøp av kollektivtenester er det viktig å finne gode tiltak.

Metodikk for vidare arbeid med klima i fylkesbudsjettet

Statusmeldinga i mars la til grunn at klimaeffektar av relevante økonomiske budsjettpostar skal vurderast som ein integrert del av den vanlege budsjettprosessen. Difor legg administrasjonen her fram eit meir detaljert forslag til metodikk. Det ligg stort ansvar på sektorane, men sektoren strategisk utvikling og digitalisering skal yte fagleg støtte.

Når fylkestinget har vedteke rammene for budsjettet i juni, skal avdelingane utvikle sine sektorvise budsjettinnspel. Planen er at avdelingar som har monalege klimafotavtrykk må;

1. talfeste klimakonsekvensane av det økonomiske innspelet
2. vurdere om det er nye klimatiltak som kan kutte klimagassutsleppa innanfor eksisterande økonomiske rammer eller som tilleggsforslag
3. vurdere endringar i klimatiltak som allereie ligg inne i budsjettet

Ei oppstilling av denne informasjonen, kan vere ei ramme for eit klimabudsjett. Særskilt når ein ser på tala for fire-års- perioden, kan det verte aktuelt å samanlikne med måla om 50 % kutt i klimagassutslepp frå 2005 til 2030 og evt. vurdere tiltak på nytt.

Klimavurdering av budsjettinnspel

Sektorar og einingar som bidreg til auka eller reduserte klimagassutslepp av vesentleg betydning for fylkeskommunen, skal vurdere klimakonsekvensane av sine tiltak i budsjettet. Avdelingar blir bedne om å ta kontakt med avdeling for strategisk utvikling og digitalisering for støtte og råd om verksemda bør vurdere klimakonsekvensar av sitt budsjettforslag.

Kopling mellom utviklingsplan og økonomiplan

I arbeidsdokument 1/2020 la fylkesrådmannen fram ei løypemelding vedkomande arbeidet med å få til betre kopling mellom utviklingsplanen og økonomiplanen.

Fylkesrådmannen er i no i slutfasen av dette arbeidet og den nedsette arbeidsgruppa skal leggje fram eit notat om dette til leiargruppa sitt møte 22. juni.

Målsetting for økonomiplan og årsbudsjett går fram av *Lov om kommunar og fylkeskommunar* (kommuneloven):

§ 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.

§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premisene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.


Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om bevilgningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld.

Særleg viktig her er § 14-4, der behovet for kopling av økonomiplanen mot planverket går fram. Arbeidsgruppa har bygd ut modellen for plansystemet slik at den også viser koplinga mot økonomistyring:



Modellen viser koplingar mellom planar regulert i plan- og bygningslova (PBL) - regionale planar, planar som ikkje er regulerte i PBL - temaplanar, strategiar og tiltaksplanar på avdelingsnivå og økonomiplanen.

Plan- og bygningslova set krav om at regionale planar skal ha eit tilhøyrande handlingsprogram. Dette handlingsprogrammet kan vere ein del av økonomiplanen med spesifisert krav om oppfølging.

Dersom handlingsprogrammet er lagt som del av den enkelte regionale planen, bør det vere samsvar i oppbygginga av handlingsprogrammet og økonomiplanen når det gjeld framdrift (tidslinjer) og finansiering av tiltak. Ei vesentleg utfordring er at dei overordna målsettingane i ein

regional plan kan vere så kostnadskrevjande at dei gir tunge føringar på økonomiplanen. Dette understrekar behovet for samkøyring mellom dei ulike plantypene og økonomiplanen.

Tiltaksplanar er i figuren over kopla direkte til det overordna plannivået. Nivået som i tidlegare planperiodar er omtalt som verksemdstrategi for høvesvis fylkeskommunen samla og for den enkelte avdeling, er teke ut. Argumentasjonen bak ei slik endring er at dersom mål og strategiar med tilhøyrande regionale planar og temaplanar er presist definert og dekkande for verksemda i planperioden, bør ein kunne gå direkte på tiltaksplanar for den enkelte sektor eller avdeling. Ein verksemdsstrategi vil ikkje tilføre ein meirverdi som forsvarer eit eller fleire plannivå mellom nivå som er regulert og nivå som ikkje er regulert.

Forhold som ikkje er ivaretekne i utviklingsplanen eller i ein regional plan/temaplan kan handterast gjennom strategiar eller eventuelt i ein generell del i tiltaksplanen til den enkelte avdeling.

Tilråding til prosessvedtak:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- kapitalutgifter,
- eigedomsskatt,
- klimabudsjett,
- utviklingsplanen,

Finansutvalet ber fylkesrådmannen ta opp med kommunar som krev fylkeskommunen for eigedomsskatt om å endre denne praksisen.

3 Driftsbudsjett

Konkretisering avdelingsvise salderingstiltak

Finansutvalet vert bedt om å vurdere dei tiltaka som sektorane no arbeider med. Dei tiltaka som finansutvalet ikkje har innvendingar mot, vert innarbeida i budsjettet som vert presentert til neste møte i september. I motsett fall ber fylkesrådmannen finansutvalet gje signal om kva konkrete tiltak som det ikkje skal arbeidast vidare med, eller tiltak der ein ynsker meir utgreiing.

I arbeidsdokument 2/2020 og tertialrapport 1/2020 er salderingssituasjonen for arbeidet med budsjett 2021 slik:

Mill.kr.	Nedtrekk 2021	Meirbehov 2021	Samla salderingsbehov
Org. og øk.	3,0	4,5	7,5
Strategisk utv. og digitalisering	2,0	0,0	2,0
Tannhelse	3,0	0,0	3,0
Innovasjon og næringsutvikl.	3,0	0,0	3,0
Opplæring og kompetanse	37,0	47,8	84,8
Kultur, idrett og inkludering	3,0	2,1	5,1
Mobilitet og kollektiv	37,0	0,0	37,0
Infrastruktur og veg	12,0	59,8	71,8
SUM	100,0	114,2	214,2

Sektorane har på oppdrag arbeidd fram tiltak for å løysa salderingsutfordringa. Frist for dette arbeidet var sett til 1. juni. Fylkesrådmannen vil understreke at fylkesdirektørane har hatt korte fristar i arbeidet med forslag til salderingstiltak for budsjett 2021. Dei presenterte tiltaka må difor sjåast på som førebelse. For to av sektorane - infrastruktur og veg og opplæring og kompetanse - er det og slik at dei pr dato enno ikkje er i mål med sine utfordringar. Desse to sektorane har høvesvis 20,3 mill.kr og 5,3 mill. kr ståande att som sin del av salderinga. Sektorane vil i den vidare budsjettprosessen kvalitetssikra tiltaka sine og koma med nye tiltak.

Fleire sektorar har krevjande salderingsutfordringar, mellom anna grunna større negativ drift i 2020 som dei dreg med seg, men fylkesrådmannen rår på noverande tidspunkt i budsjettprosessen å halda fast på at salderingsutfordringane skal løysast innanfor tildelte sektorrammer. Finansutvalet vil i neste omgang i september-møtet kunne kome attende til omfordeling av salderingsutfordringa, og eventuelle disponeringar av budsjettmidlar.

Under følgjer ein sektorvis gjennomgang av dei førebelse tiltaka for å løyse salderingsutfordringa. Av tabellane vil det gå fram innanfor kva for løyvingnivå dei ulike salderingstiltaka er gjort.

Organisasjon og økonomi

	2021		
Rammereduksjon	3,0		
Meirbehov:			
Auke tal lærlingar	2,5		
Auke frikjøp	2,0		
tillitsvalde			
Samla innsparingsbehov	7,5		
Innsparing løyvingnivå:		Tiltak	Konsekvens
Administrasjon av org. og økonomi	3,0	Stillingsreduksjon	1,0 mill. kr er resteffekt av tidlegare stillingsreduksjon. Ytterlegare stillingsreduksjonar er knytt til naturleg avgang og vurderast å ha mindre negativ konsekvens

Administrasjon av org. og økonomi	1,5	Red. kostnader forsikring	Ny avtale om personalforsikringar gjev innsparing.
Eigedom - drift og vedlikehald	1,0	Red kostnader forsikring	Ny avtale om skadeforsikringar gjev innsparing knytt til justering av eigenbetaling
Tiltaksmidlar org. og økonomi	2,0	Omdisponere tiltaksmidlar	Omstillingsmidlar vert redusert frå 9,0 til 7,0 mill. kr. Dette vert vurdert som eit forsvarleg nivå, men kan medføre at einingane i noko større grad må bere eigne omstillingskostnader
Samla innsparingar	7,5		

Strategisk utvikling og digitalisering

	2021		
Rammereduksjon	2,0		
Meirbehov:	0,0		
Samla innsparingsbehov	2,0		
Innsparing løyvningsnivå:		Tiltak	Konsekvens
Ikt og digitalisering	1,0	Redusert bemanning	Reduksjon i bemanning vert ikkje erstatta
Plan, analyse, klima og folkehelse	1,0	Red i midlar til plan-, klima- og folkehelsearbeid	Den fylkeskommunale satsinga på områda vert redusert
Samla innsparing	2,0		

Tannhelse

Tannhelse har ei betydeleg negativ drift for Tk/Vestland. Tiltaket på 1 mill. kr vert sett som ein start, og det er venta at ein skal klare å snu den negative trenden ytterlegare i 2021. Tiltaket som går på takstauke/ takstharmonisering utgjer i seg sjølv 2,6 mill. kr. Sistnemnde tiltak er sett til 1,6 mill. kr for å ta høgde for ein nedgang i pasientinntektene i 2021 som følgje av koronapandemien.

	2021		
Rammereduksjon	3,0		
Meirbehov:	0,0		
Samla innsparingsbehov	3,0		
Innsparing løyvningsnivå:		Tiltak	konsekvens
Administrasjon av tannhelse	0,4	Redusert bemanning	Innsparinga utgjer 0,4 mill. kr grunna naturleg avgang
Pasientbehandling	1,6	Takstauke - takstharmonisering	Det er føremålstenleg å ha takstharmonisering som fjernar skilnadane mellom dei to gamle fylka, som hadde 75 ulike takstar. Konsekvens av tiltaket samla sett vil vere prisauke på mellom 1 og 2 %
Pasientbehandling	1,0	Reduksjon TK/Vestland	Fylkeskommunen har tidlegare dekkja delar av

			forsking som skulle vore finansiert gjennom statlege/eksterne midlar. Tiltaket går ut på å stramme inn praksisen om at all forsking på senteret skal vere eksternt finansiert. I fyrste omgang reknar ein med å gjere ei innsparing i 2021 på 1 mill. kr
Samla innsparing	3,0		

Innovasjon og næringsutvikling

	2021		
Rammereduksjon	3,0		
Meirbehov:	0,0		
Samla innsparingsbehov	3,0		
Innsparing løyingsnivå:		Tiltak	Konsekvens
Verdiskaping i byar og regionar	0,5	Red avsetning til kommunale næringsfond frå 4 til 3,5 mill. kr	Færre midlar fordelt til kommunane i Vestland til dette føremålet
Naturressursar, landbruk og reiseliv	1,0	Red tilskot til Fjord Norge frå 6 til 5 mill. kr.	Færre ressursar til oppgåvene Fjord Norge har. Vestland fylke vil bidra med ein relativt sett mindre del enn dei andre fylka som bidreg til føremålet
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	0,5	Redusere bemanning karriere vestland	Tiltaket reduserer administrative ressursar, og vil medføre lågare kapasitet for denne tenesta
Administrasjon av Innovasjon og næring	1,0	Redusert nivå administrative ressursar i avdelinga. I 2021 vil ein gjera tiltak gjennom å ikkje erstatta avgang og det å halda vakansar opne. Dette vil kunne redusera lønskostnadane med 1,0 mill. kr.	Tiltaket reduserer lønskostnadane i sektoren. Lågare administrative ressursar vil kunne medføre lågare kapasitet og produksjon
Samla innsparing	3,0		

Opplæring og kompetanse

For å sikre ei heilskapleg tilnærming i høve til utfordringane i sektoren, vil fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse initiere eit utgreiingsarbeid som tek utgangspunkt i samla innsparingsbehov for økonomiplanperioden 2021-2024. Det er ei målsetting at ei samla tilnærming til dette arbeidet også skal legge til rette for å skape økonomisk handlingsrom for nødvendige satsingar, m.a. ved auka digitalisering. Fylkestinget vedtok i desember 2019 at det skal setjast i gang eit mål- og strategiarbeid for sektoren for dei neste fire åra, der hovudutval for opplæring og kompetanse er styringsgruppe. Dette inneber at strategisk viktige aktivitetar og ressursbruk må vurderast opp mot mål- og strategidokumentet, som skal handsamast politisk i desember 2020.

Opplæring og kompetanse har pr dato ikkje klart målsetjinga om å saldere innanfor eigen sektorramme. For 2021 er der framleis ei økonomisk utfordring på 5,3 mill. kr. I den vidare budsjettprosessen med budsjett 2021 vil sektoren arbeide med konkretisering av føreslegne tiltak/nye tiltak slik at ein når målsetjinga om å saldere innanfor eigen sektor.

Mill. kr.	2021		
------------------	-------------	--	--

Rammereduksjon:	37,0			
Meirbehov:	47,8			
Auke tilskot lærebedrifter	37,0			
Auke fagprøver	3,0			
Reduksjon gjesteelevar	-3,0			
Vedtatt auka opplæringstilbod	4,6			
Undervisningsutstyr reversering	6,2			
Samla innsparingsbehov	84,8			
Innsparing løyvingsnivå		Tiltak	Konsekvens	omtale
			U0: ferdig utgreidde tiltak/tiltak som ikkje krev utgreiing U1: ferdigstilling haust 2020 U2: ferdigstilling vår 2021	
VGS inkl særskilt tilrettelagt oppl.	69,3	Tilskot til toppidrett (tilbod til toppidrettsutøvarar) - redusert tilskot	U0 Redusert handlefridom for Olympiatoppen Vest	Ikkje lovpålagt
		Tilskot til toppidrett (tilbod til toppidrettsutøvarar) - alternativ organisering	U1 Ingen konsekvensar for lovpålagde tilbod. Utgreiingsområde: Alternativ organisering av toppidrettstilbodet .	Ikkje lovpålagt
		Meningokk- vaksine for vg1-elevar	U0 Kommunane får ikkje tilskot til vaksining av elevar.	Ikkje lovpålagt
		Skulepsykolog	U0 Lågterskeltilbod til elevane fell bort.	Ikkje lovpålagt
		Tilskot til drift av Manger folkehøgskule	U1 Utgreiingsområde: alternative eigarformer	Ikkje lovpålagt
		Sommarskule/leksehjelp	U1 Utgreiingsområde: Tilbod om sommarskule/ leksehjelp fell bort.	Ikkje lovpålagt
		Fylkeskommunalt driftstilskot til internat	U2 Utgreiingsområde: Fleire elevar må bu på hybel. Kan påverke rekruttering.	Ikkje lovpålagt
		Skulefrukost	U0 Tilbodet om gratis frukost fell bort.	Ikkje lovpålagt
		Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek	U2 Redusert løyving skulebibliotek med 30% +skulekoordinatorstilling	Ikkje lovpålagt
		Fagnettverk	U1 Redusert løyving. Utgreiingsområde.	Ikkje lovpålagt

		Elev-PC-ordninga - auka eigenbetaling	U0 Legg til grunn maks eigenbetaling (tre gonger minste utstyrsstipend) frå elevane	Ikkje lovpålagt
		Bruk av akkumulert disposisjonsfond/resultat 2020	U0 Låse 35% av fonds-midlane. Redusert handlingsrom på skular med overskot.	Eingongstiltak
		YSK/TAF-tilbod	U1 Utgreiingsområde tilbodsstruktur	Ikkje lovpålagt
		Fylkeskommunalt driftstilskot til landsliner	U2 Utgreiingsområde	Ikkje lovpålagt
		Rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå)	U2 Utgreiingsområde	Ikkje lovpålagt
		Fylkeskommunalt tilskot til Produksjonsskulen Hardanger	U1 Tilbodet skal evaluerast (nasjonalt prosjekt). Ta bort tilbodet om det ikkje vert fullfinansiert frå staten.	Ikkje lovpålagt
		Produksjonsskulen Hyssingen	U2 Utgreiingsområde	Ikkje lovpålagt
		Arbeidslivskontakt	U2 Utgreiingsområde	
		Fylkeskommunalt tilskot til kompetanseutvikling for skuletilsette, kvalitets-utviklingsmidlar vgs	U2 Utgreiingsområde	
		Digital pedagogisk ressurs ved dei vidaregåande skulane	U2 Utgreiingsområde	Ikkje lovpålagt
		Miljøkoordinator	U2 Utgreiingsområde	Ikkje lovpålagt
		Merkantil ressurs	Utgreiingsområde - som følgje av nytt skuleadm. system	
		Utfasing av ekstratilskot NDLA	U0 Ligg inne med 6,2 mill. kr i 2020, 5 mill. kr i 2021	
Vidaregåande opplæring for vaksne	2,3	Vidaregåande opplæring for vaksne	U2 Utgreiingsområde	Red. omfang
Fagskular	2,5	Fylkeskommunalt driftstilskot til fagskular	U2 Utgreiingsområde: Vil få konsekvensar for tilbodet.	Ikkje lovpålagt (f.kom. midlar)
Opplæring i bedrift	3,4	Tilskot til lærebedrifter for meir enn eitt fagbrev	U2 Utgreiingsområde	Ikkje lovpålagt
Administrasjon av opplæring og kompetanse	2,0	Avdeling for opplæring og kompetanse - vakansar og digitalisering	U0	
Samla Innsparing	79,5			
Avvik	5,3		Vert løyst i budsjettprosessen fram mot september-møtet i finansutvalet.	

Kultur, idrett og inkludering

	2021		
Rammereduksjon	3,0		

Meirbehov:	2,1		
Samla innsparingsbehov	5,1		
Innsparing løyvingnivå:		Tiltak	Konsekvens
Arkiv	0,1	Reduksjon drift og tilskot	Tilskot sogelag foreslått tatt bort
Bibliotek	0,6	Stillingsreduksjon	Synergieffekt av fylkessamanslåinga
Idrett og friluftsliv	0,1	Reduksjon i tilskot	Foreslår mindre reduksjonar
Inkl., strategi og analyse	0,4	Reduksjon i tilskot	Foreslår mindre reduksjonar
Kulturarv	1,7	Reduksjon i tilskot	Tilskot regionale pilgrims-sentra, tilskot verna kulturminne og Museumsloftet foreslått tatt bort eller redusert
Kulturformidling	0,4	Stillingsreduksjon	Synergieffekt av fylkessamanslåinga
Kunst- og kulturutvikling	1,2	Stillingsreduksjon	Overføring av stilling til vakant stilling Inkl., strategi og analyse
Administrasjon av K,I og I	0,6	Stillingsreduksjon	Synergieffekt av fylkessamanslåinga
Samla innsparing	5,1		

Mobilitet og kollektiv

	2021		
Rammereduksjon	37,0		
Meirbehov:	0,0		
Samla innsparingsbehov	37,0		
Innsparing løyvingnivå:		Tiltak	Konsekvens
Buss/Bane	10,0	Takstauke 1% utover prisvekst	Blir eit noko dyrare tilbod for kunden
Fellestenester MOK	3,0	Fjerne arbeidskøyring innan TT-ordninga	Tilbodet om arbeidskøyring innanfor transportordninga for funksjonshemma vert kutta. Dette er ei oppfølging og ein konsekvens av budsjettvedtaket for 2020
Fellestenester MOK	0,5	Fjerne kontantar som betalingsmiddel på transportmiddel	Kundene må bruka andre betalingsmiddel enn kontantar om bord på dei ulike kollektivtilboda
Fellestenester MOK	4,0	Fjerne 100 av 113 billettautomatar	Innsparinga er knytt til drift og vedlikehald av automatane. I stor grad dreier dette seg om innleigde ressursar
Fellestenester MOK	1,0	Ny felles ombordløyising billettering i heile vestland	Dette til skilnad frå at det vart brukt to ulike løysingar i dei to gamle fylka

Fellestener MOK	0,5	Spare lisensar ved å fjerne dobbelt opp fagsystem	Innsparinga dreier seg om å fjerne parallelle fagsystem og lisensutgifter, og gå over til felles fagsystem i Vestland
Buss	1,0	Fellesskuleruter gir innsparing skuleskyss	Gjev ein meir effektiv skuleskyss og ei økonomisk innsparing
Buss	15,0	Fjerne takstkomp ved bruk av ungdomsbillett på kommersielle ekspressruter	Kundar med ungdomsbillett må kjøpe ny billett dersom dei vil nytte seg av kommersielle ekspressbussruter
Administrasjon av MOK	2,0	Reduksjon av stillingar i administrasjonen gjennom å ikkje erstatte ledige stillingar	Tiltaket reduserer lønskostnadane i MOK. Reduserte administrative ressursar vil kunne medføre lågare kapasitet og produksjon
Samla innsparingar	37,0		

Infrastruktur og veg

I økonomiplanarbeidet er det identifisert følgjande utfordringar

- Modellen Motiv bereknar at VLKF bør nytte 1,5 mrd. kr årleg til drift og vedlikehald. Motiv tek utgangspunkt i at vegnettet skal halde den standarden den har på det tidspunkt registreringa vart gjennomført. Til samanlikning har sektoren i dag eit årsbudsjett på 956 mill. kr.
- Nye kontraktar inneheld risiko for kostnadsauke - kontraktsfornyng hausten 2021.
- Lang reasfalteringssyklus
- SAMS vegadministrasjon - kor vidt stateleg finansiering var tilstrekkeleg

Med dette utfordringsbiletet ser sektoren det som krevjande å finne innsparingstiltak på årlege 12 mill. kr i tillegg til at meirbehov må finne si løysing innanfor gjeldande rammer. Sektoren har eit meirbehov på 59,8 mill. kr som må salderast.

	2021		
Rammereduksjon	12,0		
Meirbehov:	59,8		
Dekkelegging	65,7		
Bru/ferjekai	14,9		
Vegutstyr	8,9		
Driftskontraktar - omprioritering	-29,4		
Tunell	-0,3		
Samla innsparingsbehov	71,8		
Innsparing løyvningsnivå:		Tiltak	Konsekvens
	5,0	Red løyving trygg skuleveg/hjartesonetiltak (1)	Nivået på ulike tilskotsordningar og tiltak må reduserast. Dette kan påverke trafikktryggleiken
	3,5	Reduksjon ulike tilskotsordningar (4)	
Drift- vedlikehald	1,0	Red kantslått (2)	Redusert sikt som kan auke trafikkfaren. Spreiing av framande artar

Drift- vedlikehald	1,0	Red tunellvask (3)	Støvplager, redusert sikt og visuell leiing, tilsmussing av naudutstyr/anna utstyr som kan føre til redusert levetid. Behov for kjemikalier ved sjeldnare vask
Drift- vedlikehald	40,0	Kutt i løyving opprydding ras/flaum (5)	Reduksjon i midlar til opprydding og det må gjerast vurderingar om vegen skal opnast
Drift- vedlikehald	1,0	Stenge rasteplassar og toalett (6)	Rasteplassar utan toalett, søppeldunkar bord/benker og venterom kan føre til forsøpling
Samla innsparing	51,5		
avvik	20,3	Vert løyst i budsjettprosessen fram mot september- møte i finansutvalet.	

INV har pr dato ikkje klart målsetjinga om å saldere innanfor eiga sektorramme. For 2021 er der framleis ei økonomisk utfordring på 20,3 mill. kr. Slik sektoren ser det i dag er alternativet å ev. kutte meir innanfor FTU-midlane og/eller dekkelegging. Sektoren vil kome attende til det usalderte behovet til neste møte i finansutvalet.

Tilråding til prosessvedtak:

Finansutvalet ber fylkesrådmannen om å innarbeida dei sektorvise salderingstiltaka som vert presentert over; med unnatak av desse tiltaka:

-
-
-

Finansutvalet ber fylkesrådmannen om å utgreie desse tiltaka ytterlegare:

-
-

Utgreiingsområde

I arbeidsdokument 1/20 som vart handsama i finansutvalet sitt møte 26. mars er det oversyn over aktuelle utgreiingsområde innanfor dei ulike sektorane.

Finansutvalet gjorde slikt prosessvedtak om dette:

«Finansutvalet viser til behovet for ytterlegare innsparingar i drifta i økonomiplanperioden, og ber i denne samanhengen om at utgreiingar innanfor følgjande område vert sett i verk:

Utgreiingsframlegga i tabellen vert sett i gang med dette unntaket/presisering:

-Det vert ikkje starta opp ny skulestruktursak, men oppfyltingsgrad, utlysingspraksis og tilbodsstruktur blir gjennomgått.»

Fylkesrådmannen gjev i dette arbeidsdokumentet ei løypemelding om det pågåande arbeidet.

Fylkesdirektørane har frist til 19. juni med å gje oversyn over resultat av utgreiingsarbeidet som då ligg føre og framdriftsplan for resten av utgreiingsarbeidet som skal gjerast. Av oversynet i arbeidsdokument 1/20 går det fram at det er ulikt arbeidsomfang mellom dei ulike utgreiingsområda.

Infrastruktur og veg

Sektoren viser til at det store vedlikehaldsetterslepet gjer det vanskeleg å finne innsparingstiltak på driftsbudsjettet utan at etterslepet aukar. I samband med RTP-prosessen skal det gjerast nye utgreiingar knytt til vedlikehaldsetterslepet.

Dei første driftskontraktane som skal fornyast vil gjelde frå hausten 2021 og får heilårsverknad frå 2022. Desse kontraktane vert no reine fylkesvegkontraktar mot tidlegare felles driftskontraktar for riks- og fylkesvegar. Verknadene av dette skal utgreiast i arbeidet med kontraktsfornyinga.

Mobilitet og kompetanse

For denne sektoren var det i arbeidsdokument 1/20 sett opp utgreiingsområde for å sjå på inntektssida i kollektivtransporten og mogelege tiltak innanfor ruteproduksjonen for å få effektivisering på kostnadssida.

Koronapandemien har som kjent ramma denne sektoren særleg. Så langt arbeider ein med følgjande område:

- Sonestruktur - sak til fylkesutvalet 28. mai 2020 som utgangspunkt for vidare utgreiing
- Reduksjon i talet på billettautomatar langs bybanen
- Gjennomgang av kontanthandlinga på buss og nye salsløyser
- Optimalisering av ruteproduksjonen i Bergensområdet

Opplæring og kompetanse

Sektoren har delt inn utgreiingsarbeidet i ulike bolkar ut frå venta ferdigstillingstidpunkt. Hausten 2020 vert det lagt opp til å utgreie konsekvensar av klasseoppfylling. Det same gjeld vurdering av tiltak for å redusere omval. Tilskot til toppidrettstilbod og produksjonskulane skal også utgreiast.

Våren 2021 tek ein m.a. sikte på å ha utgreiingar om skulebibliotekordninga, driftstilskot til landslinjer, vaksenopplæringa og fylkeskommunen sitt driftstilskot til fagskular.

Administrative område

Fylkesrådmannen viser her til det administrative effektiviseringsprogrammet som er omtala nedanfor.

I arbeidsdokumentet som vart handsama i mars er det vist til gjennomgang av administrative rekneskapspostar i 2019 og vurdere nivået på desse. Dette arbeidet pågår.

Administrativt effektiviseringsprogram

I arbeidsdokument 1/20 vart det vist til det administrative effektiviseringsprogrammet som fylkestinget vedtok som del av budsjettarbeidet for 2020. Effektiviseringsprogrammet gjeld perioden 2020-2024 og det er peika på 10 område som skal gjennomgåast.

Det er sett ned eigne arbeidsgrupper der tillitsvalde deltek i arbeidet.

Fylkesrådmannen går nedanfor gjennom arbeidet som så langt er gjort innafør desse områda.

Innsparingspotensial innan personaløkonomi

Arbeidsgruppa ser på verknader av ulike sider ved pensjonsuttak. Dette gjeld både reduserte kostnader av auka gjennomsnittsalder ved uttak av pensjon under dette AFP-ordninga og utviklinga i uførepensjonering.

Andre område innan dette feltet er tiltak for å redusere sjukefråværet, primært korttidsfråværet, gjennomgang av venta naturleg avgang, utarbeiding av bemanningsplanar og oppdatering av rutinar og tiltak for auka intern mobilitet.

Vidare vert det gjennomført ein konkurranse knytt til tenestepensjonsordninga.

Innsparingspotensial innanfor innkjøp - innkjøpskoordinatorar og samle større innkjøp

Det vert arbeidd med å effektivisere innkjøpsprosessen i einingane med sikte på større spesialisering og auka bruk av rammeavtalar. Siktemålet er å få færre innkjøparar og få fastlagt ein fullmaksstruktur for innkjøp i einingane.

Arbeidet med samle større innkjøp har så langt sett på kva område ein kan få størst innsparing på ved å samle innkjøpa. Så langt har ein sett på kjøp og drift av eigen bilpark, AV-utstyr og møblar. Det vert arbeidd med rutinar for desse innkjøpstypene.

Standardisering av IKT-utstyr, sanering av system, potensial for reduserte lisenskostnader

Arbeid med standardisering av personleg IKT-utstyr og sentralisering av innkjøpet er starta opp.

Standardisering av personleg IKT-utstyr er ein føresetnad for å kunne bruke digitalisering som eit verkøy for å effektivisere organisasjonen som heilskap. Erfaringane vi har fått under koronakrisa syner at dette er viktig. Digitaliseringsarbeidet i organisasjonen vil på sikt gje betydelege effektiviseringsgevinstar som vil kunne takast ut gjennom det langsiktige arbeidet med bemanningsplanar.

I tillegg ser ein at standardisering av personleg IKT-utstyr og sentralisering av innkjøpet vil gje betre prisar på utstyr ved at det vert gjort større kjøp, og vil gje effektiviseringsgevinstar i form av frigjort arbeidstid. Den frigjorte arbeidstida kjem mellom anna som følge av at ein oppnår ein meir effektiv innkjøpsprosess, samt at vedlikehald av utstyr, programvare og anna kan gjerast på ein meir effektiv måte. Fylkesrådmannen vil også peike på at dette grepet gjev fleire miljøgevinstar.

Det er også starta arbeid med å førebu nye anbod på fleire større fellessystem dei komande åra, t.d. løns- og personalsystem, sak- og arkivsystem m.m. Dette kan gje både direkte og indirekte innsparingar og støtte opp om digitaliseringsarbeidet.

Samle postmottak og vurdere innretting på drifts- og reinhaldstenester

Det er starta eit arbeid med å kartleggje interne postmottak i fylkesadministrasjonen og ytre einingar med tanke på å etablere eit felles postmottak for heile fylkeskommunen. Det vert vurdert om dette kan gje stordriftsfordelar gjennom einsarta drift og vidare digitalisering.

Ei anna arbeidsgruppe ser nærare på innretting og organisering av drifts- og reinhaldstenestene.

Tydelegare spesifikasjon av budsjett/løyvingsnivå og digitalisering av fakturamottak

Arbeidsgruppa ser på moglege måtar å spesifisere ulike budsjettpostar nærare, samstundes som ein held dette opp mot den overordna rammestyingsmodellen.

For det som gjeld digitalisering av fakturamottak er dette i hovudsak gjennomført, men ein ser i arbeidsgruppa på ytterlegare effektiviseringsprosessar innanfor rekneskapsområdet.

Oppdaterte tal for sektorane

Tekniske budsjettjusteringar

I tertialrapporten for 1. tertial vart det gjort nokre «tekniske budsjettjusteringar». Dette har samanheng med at Vestland fylkeskommune er ein ny organisasjon, og ein hadde ikkje fullt oversyn over korleis ansvaret for alle utgifter ville bli plassert då budsjettet vart utarbeidd hausten 2019. Ein syter no for at budsjettmidlar vert plassert på rett stad i høve til kven som er ansvarleg for utgiftene.

Det står enno att eit par mindre korreksjonar som fylkesrådmannen tek sikte på å få retta opp i samband med tertialrapporten for 2. tertial. Dette gjeld for sektorane innovasjon og næringsutvikling og avdeling for strategisk utvikling og digitalisering.

Ei litt større sak gjeld budsjettering av pensjonspremien i KLP. Premien kan variere ein god del frå år til år, og dei to samanslåtte fylkeskommunane hadde ulik praksis for budsjettering. Satsane som låg inne i rammene var ulike. Dette vert no harmonisert, slik at ein budsjetterer med same sats.

Oversyn rammer budsjett 2021

Tabellen under viser korleis desse korreksjonane påverkar sektorrammene.

	Arb.dok 2	Tekn. just.	Tekn. just.	Pensjon	Justert
	Ramme 2021	tertia 1	tertia 2	KLP	ramme 2021
Pol. styring, kontrollutv, org og øk	732 019	20 000		6 151	758 170
Strategi og digitalisering	167 884		2 500	1 883	172 267
Tannhelse	265 157			7 007	272 164
Kultur, idrett og inkludering	308 765			803	309 568
Infrastruktur og veg	1 155 692	-20 000			1 135 692
Mobilitet og kollektiv	2 394 154			2 704	2 396 858
Innovasjon og næringsutvikling	233 753		2 500	1 289	237 542
Opplæring og kompetanse	3 431 210			10 012	3 441 222
Sum sektornivå	8 688 634	0	5 000	29 849	8 723 483

Rammene som er viste ovanfor er i løns- og prisnivået for 2020. Med tanke på det vidare arbeidet med innlegging av tal i budsjettssystemet, hadde det vore ein fordel å rekne om til 2021-prisnivå på dette tidspunktet. Praksis i Sogn og Fjordane fylkeskommune var å vente til statsbudsjettet vart lagt fram om hausten.

Dette året er det særleg stor uvisse knytt til utviklinga. I revidert nasjonalbudsjett presenterte regjeringa ein prognose for årslønsvekst i 2020 på 1,5 %. I følgje KS sine utrekningar var overhønet for kommunesektoren frå 2019 til 2020 1,3 %. Dermed er det berre rom for tillegg på 0,2 % i 2020. Statistisk sentralbyrå har den 5. juni lagt fram ein prognose som syner 2,2 % årslønsvekst.

Konsumprisveksten i 2020 var i revidert nasjonalbudsjett vurdert til 1 %. Om dette held stikk, er det i fylkesbudsjettet for 2020 gitt for høg kompensasjon. I den pressa situasjonen fylkeskommunen er

i, vil det vere naturleg å ta omsyn til dette når ein gjev kompensasjon for prisauken i 2021. I prognosen SSB publiserte 5. juni, vert det spådd ein auke i KPI på 3,2 % i 2021.

Om ein ventar til hausten med å ta stilling til kva som skal leggjast inn som løns- og prisvekst, vil ein i alle fall få sikrere informasjon om kva som skjer i lønsoppgjøret i 2020.

Tilråding til prosessvedtak:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- utgreiingsområde
- administrativt effektiviseringsprogram
- oppdaterte budsjettal
- oversyn rammer for budsjett 2021.

Finansutvalet legg i det vidare budsjettarbeidet til grunn slike sektorrammer for budsjett 2021:

i 1000 kr	Rammer 2021
Pol. styring, kontrollutv, org og øk	758 170
Strategi og digitalisering	172 267
Tannhelse	272 164
Kultur, idrett og inkludering	309 568
Infrastruktur og veg	1 135 692
Mobilitet og kollektiv	2 396 858
Innovasjon og næringsutvikling	237 542
Opplæring og kompetanse	3 441 222
Sum sektornivå	8 723 483

Sektorbudsjetta i tabellen er justert i samsvar med prosessvedtak for fordeling av det totale nedtrekket i 2021 på 100 mill. kr.

Neste møte i finansutvalet

Til neste møte i finansutvalet presenterer fylkesrådmannen eit fullstendig budsjettframlegg basert på dette arbeidsdokumentet og prosessvedtak i finansutvalet. I budsjettframlegget vil dei einskilte sektorane sine driftsbudsjett verte meir utdjupa både tekstleg og talmessig. Dette også for dei ulike løyvingnivå.

Det vert presentert eit fullstendig framlegg til investeringsbudsjett. Dette vert utarbeidd på bakgrunn av prosessvedtaka som finansutvalet har gjort i høve til det utgangspunktet for investeringsbudsjett som fylkesrådmannen presenterte.

Til dette møtet vert det og lagt fram resultat av arbeidet med utgreiingsområda.